



VIKING GJENVINNING NORD AS  
Geilevika 2  
6055 Godøya

Sakshandsamar::  
Torunn Slettemark Hovden

## **Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Viking Gjenvinning Nord AS - kasserte båter Kontrollnummer: 2020.144.I.FMNO**

### **Kontaktpersonar ved inspeksjonen:**

*Frå verksemda:*  
Geir Istad

*Frå Fylkesmannen i Nordland:*  
Torunn Slettemark Hovden

*Andre deltakarar frå verksemda:*  
Tor Anders Andersen

*Andre deltakarar frå Fylkesmannen i  
Nordland:*  
Hege Rasmussen

### **Resultat frå inspeksjonen**

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Viking Gjenvinning Nord AS - kasserte båtar den 19.08.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Nordland avdekka 1 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

#### **Avvik:**

- Viking Gjenvinning Nord AS har ikkje deklartert farleg avfall etter oppstarten i juni 2019

#### **Merknader:**

- Viking Gjenvinning Nord AS har kun eitt mål som gjeld ytre miljø

Avvik og merknad er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

26. august 2020	Torunn Slettemark Hovden	Oddlaug Ellen Knutsen
dato	kontrollør	seksjonsleiar

Fylkesmannen i Nordland

Kopi av rapporten vert sendt til:

- Meløy kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> VIKING GJENVINNING NORD AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 821557852	<b>Eigd av:</b> 921536747
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.320 - Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Viking Gjenvinning Nord AS - kasserte båter	<b>Anleggsnr.:</b> 1837.0021.05
<b>Kommune:</b> Meløy	<b>Fylke:</b> Nordland
<b>Anleggsaktivitet:</b>	
<b>Løyve gitt:</b> 6. juni 2019	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrolllova vert følgd. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sine risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Utslepp til vatn og luft
- Handtering av avfall, inkludert farleg avfall
- Kjemikaliebruk og substitusjon av kjemikalie
- Internkontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan òg inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Viking Gjenvinning Nord AS er plikta til å rette opp avviket som er skildra i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må Viking Gjenvinning Nord AS innan **1. oktober 2020** sende ei skriftleg utgreiing som syner korleis avviket er retta opp i.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing om korleis dokker vurderer merkningen og korleis dokker eventuelt følgjer opp saka.

Vi ber om at de stilar svarbrevet eller e-post ([fmnopost@fylkesmannen.no](mailto:fmnopost@fylkesmannen.no)) til Fylkesmannen i Nordland v/ Torunn Slettemark Hovden.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til varsel og informasjon om gebyrplikt som vart sendt til dokker den 11. august 2020. Alle verksemder skal betale gebyr for kontrollar som er utførte av Fylkesmannen (jf. forureiningslova § 39-3). Gebyret skal dekke kostnadane med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsett i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

Ut frå tida som er gått med til denne kontrollen, får Viking Gjenvinning Nord AS eit gebyr på kr 13 300,- jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarar til gebyrsats 4 for tilsyn med varigheit på inntil éin dag. Dokker vil få fakturaen tilsendt frå Miljødirektoratet for betaling til statskassa. Sjå kapittel 39 i forureiningsforskrifta for meir informasjon om innkreving av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Dokker har rett til å klage på vedtaket om gebyr, jf. § 28 i forvaltningslova. Ei eventuell klage må vere grunngjeven og skal stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Nordland. Vi vil då vurdere om vedtaket skal endrast, eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for eit endeleg vedtak. Ei eventuell klage gjer ikkje at vedtaket om gebyr vert utsett, så dokker må uansett betale fakturaen. Dersom Miljødirektoratet tek klaga til følgje, vil delar av gebyret verte refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Nordland (jf. offentleglova).

### **6. Avvik**

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

#### **Avvik 1**

Viking Gjenvinning Nord AS har ikkje deklartert farleg avfall etter oppstarten i juni 2019

**Avvik frå:**

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) §11-8 og §11-12

**Kommentar:**

I §11-8 i avfallsforskrifta er det fastslått at farleg avfall skal leverast til godkjent mottak minst éin gong per år når den totale mengda farleg avfall som oppstår i ei verksemd er større enn 1 kg. Viking Gjenvinning starta si verksemd på Reipå 6. juni 2019, og hadde under tilsynet (19. august 2020) ikkje dokumentasjon på levert farleg avfall. Det kom fram under tilsynet at farleg avfall frå Viking Gjenvinning Nord AS ved eitt tilfelle var levert i lag med farleg avfall frå RMG Gjenvinning AS, som driv på det same anlegget. Dette er registrert som eit avvik i internkontrollsystemet til Viking Gjenvinning Nord AS.

Etter §11-12 skal ei verksemd der farleg avfall oppstår, deklarerer det farlege avfallet ved levering til godkjend mottak. Deklarering skal skje i avfallsdeklarering.no, og denne øvinga forutsett at verksemda har registrert seg i avfallsdeklarering.no. Viking Gjenvinning Nord AS er ikkje registrert i avfallsdeklarering.no. Viking Gjenvinning Nord AS må opprette ein bedriftsprofil på avfallsdeklarering.no og deklarerer alt farleg avfall ved levering til godkjent mottak.

**7. Merknader**

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

**Merknad 1**

Viking Gjenvinning Nord AS har kun eitt mål som gjeld ytre miljø

**Kommentar:**

I internkontrollforskrifta §5 punkt 2 er det fastslått at verksemda skal fastsette mål for miljø, og at desse måla skal være skriftleg dokumenterte. Viking Gjenvinning Nord AS har eitt skriftleg miljømål, som handlar om å redusere transportbehovet med 50 %. Sidan verksemda driv innan avfallsbransjen, er det naturleg at dokker òg har miljømål som er knytt til avfall, slik som gjenvinningsgrad, antall uønskte hendingar med handtering av farleg avfall eller liknande.

**8. Andre tilhøve**

I løyvet punkt 3.2 står det at miljøsaneringa skal gå føre seg på eit område med fast, ugjennomtrengelig dekke. Under tilsynet låg båten som vart miljøsanert heilt i utkanten av betongdekket, slik at knusinga/oppdelinga førte til at delar av båten hamna utføre betongen. Dokker må passe på at båtar som blir miljøsanerte ligg godt inne på betongdekket slik at risikoen for søl utføre betongdekket minimerast.



*Båten som delast opp (nummer to fra høyre) ligg heilt i utkanten av betongdekket.*

## 9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen